



Haugaland brann og redning iks

MØTEPROTOKOLL

Styret for Haugaland brann og redning iks

Møtestad: Diktervegen 8, Haugesund
Møtedato: 21.03.2024
Tid: 10⁰⁰-15⁰⁰
Saker: 24/010-24/019

Til stades: Elling Hetland, styreleiar
Leif Malvin Knutsen, nestleiar
Heidi Synnøve Nymann, medlem
Leon Dale, medlem (deltok til og med sak 24/014)
Håkon Winterseth, medlem Thor Arne Larsen, medlem
Anne Kristin Helgeland, fast varamedlem (deltok til og med sak 24/014)
Karl Otto Endresen, medlem

Forfall: Kristin Helle, medlem

Andre: Dag Botnen, dagleg leiar
Roald Stakland, revisor (sak 24/013)

Diverse merknader: -

Underskrifter:
Stad: Haugesund
Dato: 21.03.2024

Elling Hetland
styreleiar

Leif Malvin Knutsen
nestleiar

Heidi Synnøve Nymann
medlem

Thor Arne Larsen
medlem

Leon Dale
medlem

Karl Otto Endresen
medlem

Anne Kristin Helgeland
fast varamedlem

Møteprotokoll er sendt til:

- eigarkommunar
- revisjon/KPMG
- Haugaland kontrollutvalgssekretariat

SAKSOVERSIKT

Sak nr	Tittel	Sakshandsaming
24/010	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
24/011	Godkjenning av protokoll av 29.02.2024	Vedtak
24/012	Rekneskap 2023	Tilråding
24/013	Årsmelding 2023	Tilråding
24/014	Innsparings- og effektiviseringsplan	Tilråding
24/015	Orienteringssaker	Orientering
24/016	Trimrom ved Aksdal stasjon	Vedtak
24/017	Førebuing av representantskapsmøte	Drøfting
24/018	Styreevaluering	Vedtak
24/019	Eventuelt	-

SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

24/010 Godkjenning av innkalling og saksliste

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner innkalling og saksliste som framlagt.

24/011 Godkjenning av protokoll 29.02.2024

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 29.02.2024 som framlagt.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Framlegg til vedtak var einstemmig.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks godkjenner møteprotokoll av 29.02.2024 som framlagt.

24/012 Rekneskap 2023

Tilråding frå brannsjef

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner rekneskap for 2023 med eit ordinært resultat på kr 18 375 089,-.

Dette er disponert som følgjende:

1. Overført til investering kr 7 790 585,-. Av desse vert kr 6 327 061,- brukt til finansiering av tidlegare års udekka.
2. Bruk av sjølvkostfond jf. sjølvkost kr 403 343,-
3. Avsett til disposisjonsfond jf. rekneskapsforskrift § 4-3 kr 10 987 847,-

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Revisor deltok i handsaming av saka, først med styret og dagleg leiar, deretter med styret. Revisor informerte om prosess. Det var ingen vesentlege forhold som kom fram, men det vart meldt om eit forhold som krev merksemd:

Vi opplever at daglig leder har et stort arbeidspress og mange oppgaver som må løses. I og med at selskapet for tiden ikke har egen økonomiansvarlig blir oppfølgingen av økonomi mer krevende, og daglig leder blir dermed tillagt ekstra oppgaver for å følge opp økonomi. Dette har også medført at prosessen med avleggelse av regnskap ble forsinket i henhold til avtalt tidsplan. Vi opplever også at

spørsmål og oppfølging i forbindelse med revisjonen blir mindre prioritert når selskapet ikke har en egen økonomiansvarlig og alt må gå gjennom økonomiavdelingen til Suldal kommune.

Forsinkelsene medfører at vi ikke får utført vårt arbeid på en så effektiv og tidsriktig måte som ønskelig. Konsekvensen kan da være at avleggelse av årsregnskap og revisjonsberetning blir forsinket.

Forsinket regnskapsavleggelse, og det at vi ikke får all dokumentasjon samtidig, medfører ekstra arbeid for både selskapet og revisor.

Vi anbefaler at selskapet vurderer å ansette en egen økonomiansvarlig for å ha tilstrekkelig egen kompetanse og kapasitet til å følge opp regnskap og økonomi. Det vil også være med å sikre tidsriktig ferdigstilling og oppfølging av regnskap.

Revisor har ikke framlagt revisjonsberetning, men tilrår styret å vedta rekneskapet. Skulle det koma ny informasjon i kvalitetskontrollen som står att i revisjonsarbeidet, kan styret ta saka opp på ny og fatte nytt vedtak.

Vidare handsaming i styret peika på følgjande:

- a. Det må i vedtak koma fram at resultatet skuldast innbetaling av lån for investeringar (etterslep/kommunale lån).
- b. Innbetaling av etterslep/kommunale lån minus finansiering av lånebeløp 2023, må setjast av på eit driftsfond for framtidige investeringar. Det må vurderast kva som er best forvaltning av midlane (nedbetaling av lån eller høgrentekonto fram til investering skal gjennomførast).
- c. I kapitalrekneskap er det under finansiering oppgitt «sal av fast eigedom». Dette skal vera «sal av anleggsmidlar/køyretøy» og vert endra i saka som vert oversendt representantskap.
- d. Note 12 har ikkje samsvar mellom tekst under tabell og behaldning oppgitt for bundne og ubundne fond i tabell over. Tekst under tabell vert korrigert i saka som vert oversendt representantskap.
- e. Opplysningar om fond del 1-3 vert oppdatert i saka.

Med desse endringane var framlegg til vedtak einstemmig.

Framlegg til vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

Representantskapet for Haugaland brann og redning iks godkjenner rekneskap for 2023 med eit ordinært resultat på kr 18 375 089,-. Resultatet/mindreforbruk kjem av kommunane sin ekstraordinære innbetaling av dei investeringane som selskapet har gjennomført på vegne av eigarane (etterslep). Driftsresultat viser eit resultat/meirforbruk på kr 1 684 991,-.

Dette er disponert som følgjande:

1. Overført til investering kr 7 790 585,-. Av desse vert kr 6 327 061,- brukt til finansiering av tidlegare års udekka.
2. Bruk av sjølvkostfond jf. sjølvkost kr 403 343,-.
3. Avsett til investeringsfond, jf. rekneskapsforskrift § 4-3, kr 10 987 847,-.

24/013 Årsmelding 2023

Tilråding frå brannsjef

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar årsmeldingen slik den er fremlagt. Årsmeldingen sendes til eierkommunene til orientering.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Tabell i kapittel 3.3, linje 3 vert oppdatert med informasjon om oppstart av hovudsbrannstasjon i Q4. Framlegg til vedtak er einstemmig.

Framlegg til vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Representantskapet for Haugaland brann og redning iks vedtar årsmeldingen slik den er fremlagt. Årsmeldingen sendes til eierkommunene til orientering.

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Haugaland brann- og redning iks ber representantskapet om å etablere eit revidert mandat/fastsette beredskapsnivå for gjennomføring av beredskapsanalyse trinn 2.

Videre arbeid med ein innsparings- og effektiviseringsplan vil følge arbeidet med økonomi- og handlingsplan for 2025-2028.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Dokument/analyse av innsparingstiltak er eit arbeidsdokument som må kvalitetssikrast før dette vert lagt til saka og vil ikkje har relevans før beredskapsanalyse trinn 2 vert gjennomført. Økonomisk analyse og analyse for kurs- og kompetansesenter vert lagt ved saka.

Det må etablerast ein felles situasjonsforståing som knyt fag og økonomi saman. Vidare må eit beredskapsnivå definerast for å kunne revidere beredskapsanalyse trinn 2. Analysane dannar eit godt grunnlag for vidare arbeid.

Framlegg til vedtak vert endra til:

1. Styret for Haugaland brann og redning ber eigarane ta initiativ til eit prosjekt for å utarbeide eit framlegg til beredskapsnivå, som skal danne grunnlaget for beredskapsanalyse trinn 2. Selskapet vil, om ønskeleg, bidra inn i dette arbeidet med fagkompetanse.

Videre arbeid med ein innsparings- og effektiviseringsplan vil følge arbeidet med økonomi- og handlingsplan for 2025-2028.

Framlegg til vedtak er einstemmig.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning ber eigarane ta initiativ til eit prosjekt for å utarbeide eit framlegg til beredskapsnivå, som skal danne grunnlaget for beredskapsanalyse trinn 2. Selskapet vil, om ønskeleg, bidra inn i dette arbeidet med fagkompetanse.

Videre arbeid med ein innsparings- og effektiviseringsplan vil følge arbeidet med økonomi- og handlingsplan for 2025-2028.

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Framlegg til vedtak er einstemmig.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks tar saka til orientering.

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

Sakshandsaming i styret 13.12.2023

Styret for Haugaland brann og redning iks støttar vurderingane i saka og ber at prosjektering av brannstasjonar har trimrom som ein minimumsløysing.

Det vert påpeika kostnadsoverslaget som er presentert i saka har manglar med tanke på auka driftskostnadar samt nedskrivning av utstyr. Tiltaket vil likevel vera økonomisk forsvarleg.

Styret påpeikar også tiltaket vil vera av betydning for rekruttering og sikre at tilsette kan stå jobben lengst mogleg. Dette er ikkje å sjå på som eit gode for mannskap, men eit krav ut frå avtaleverk partane i arbeidslivet er bunde opp til.

Det er også vist til ei undersøking der 44 brann- og redningsvesen har respondert på spørsmålet om dei har prosjektert med treningsrom på nye stasjonar samt kva alternative løysingar som er gjennomført om dette ikkje vert gjort.

Nesten utan unntak vert nye stasjonar prosjektert med trimrom. For eksisterande stasjonar som ikkje har tilbodet, er det inngått avtale med treningscenter.

Konklusjon: styret vurderer treningsrom som nødvendig og eit kostnadseffektivt tiltak for ein framdriftsretta brannstasjon.

Vedtak i styret for Haugaland brann og redning iks

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret vurderer investering i trimrom som eit kostnadseffektivt tiltak, som styrkar samhald og arbeidsmiljø og har positiv effekt på å behalda dei tilsette selskapet har i dag og rekruttera nye.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og vil starte ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Ut frå den informasjon som føreligg, vil styret oppretthalde gjeldande vedtak. Framlegg til vedtak er einstemmig.

Vedtak i styret

1. Styret for Haugaland brann og redning iks ber om at trimrom vert oppretthalde som eit viktig areal for å oppfylle arbeidsgjevar sine plikter i å legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø.

Styret vurderer investering i trimrom som eit kostnadseffektivt tiltak, som styrkar samhald og arbeidsmiljø og har positiv effekt på å behalda dei tilsette selskapet har i dag og rekruttera nye.

Styret er innforstått med vedtaket i representantskapet 10.11.2023 vedr. ein innsparings- og effektiviseringsplan og har starta ein prosess for dette arbeidet, ref. sak 23/055.

24/017 Førebuing av representantskapsmøte

Tilråding frå brannsjef

1. -

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Følgjande saker vert lagt fram for representantskapet 19.4.2024:

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
24/001	Godkjenning av innkalling og sakliste	Vedtak
24/002	Rekneskap 2023	Vedtak
24/003	Årsmelding 2023	Vedtak
24/004	Innsparings- og effektiviseringsplan	Drøfting
24/005	Brannstasjonar – nøktern standard	Vedtak

24/006	Instruks for klageorgan	Vedtak
24/007	Instruks for styret	Vedtak
24/008	Styreevaluering	Orientering
24/009	Finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet	Vedtak
24/010	Uttreden Sveio - forhandlingsutval	-
24/011	Eventuelt	-

Sak 24/005: Det vert vist til styresak 24/016, vurderingar punkt 3. Med det som bakgrunn vert saka lagt fram til representantskapet. Sak 24/016 følgjer saka som vedlegg.

Sak 24/009: Det vert vist til vedtak i styresak 24/007 der vedtak var at finansiering skulle innarbeidast i revidert økonomiplan for 2024-2027.

Då det ikkje skal leggst fram ein revidert økonomiplan i representantskapsmøte 19.04.2024, vert vedtaket vert endra til:

1. Representantskapet vedtek finansiering av køyretøy på sjølvkostområdet i samsvar med saka:

Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert) med ein årleg kostnad på 218 112,-.

Kjøp av 2 køyretøy (lånefinansiert/utkjøp frå gjeldande leasingavtale) med ein årleg kostnad på 151 512,-.

Sak 24/010: Det vert vist til sak under eventuelt, styresak 24/011, og representantskapet må utnemnde eit forhandlingsutval for prosessen med Sveio kommune sin uttreden av Haugaland brann og redning iks.

Det vert ikkje laga noko saksgrunnlag utover dette som skal handsamast i styret.

Vedtak i styret

Det er ikkje gjort vedtak i saka.

24/018 Styreevaluering

Tilråding frå brannsjef

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

Sakshandsaming i styret 21.3.2024

Framlegg til vedtak er einstemmig.

Vedtak i styret

1. Styret for Haugaland brann og redning iks vedtek oppsummering av evalueringa som framlagt. Oppsummeringa vert oversendt representantskapet til orientering.

24/019 Eventuelt

Det var meldt inn ei sak under eventuelt:

1. Forhandlingsutval for Sveio kommune sin uttreden av selskapet

Sveio kommune sendte oppseiing av deltakarforholdet i Haugaland brann og redning iks 21.12.2024. Representantskapet må på vegne av eigarkommunane opprette eit forhandlingsutval som gjennomfører prosessen i samsvar med lov og selskapsavtale.

Saka vert ikkje handsama av styret utover dette, men vil stille seg til disposisjon for arbeidet som skal gjennomførast.